

KOSTRA-analyse.

Rådmann si vurdering av den analysen som ligg føre.

1.) Generelt:

Overordna syner KS sin analyse eit rimeleg rett bilde; «Gode inntekter og høgt forbruk.»

Kommunen har hatt høge inntekter over lang tid som har resultert i;

-omfattande kommunale tilbod.

-at grensesnitt kommunal vs privat, kommunal vs lag/org, kommunal vs næring på mange område er slik at kommunen sin del er større enn i svært mange andre kommunar.

I utgangspunktet er Luster ein strukturelt krevjande kommune, og dei kompenserande tiltaka i inntektssystemet kompenserer langt frå dei meirkostnadane som kommunen faktisk har.

Nb at KOSTRA-analysen tek omsyn til, det som vert definert som nødvendig struktur, i hht inntektssystemet.

I våre kommunale tilbod er tilbod utvida utover det inntektssystemet meiner struktur kostar, spesielt gjeld dette skulestruktur, men og kultur, lokalsamfunnsfunksjonar, barnehage og omsorgstilbod. Dei to siste dog med mindre meirkostnader.

Kommunen sin del går og på mange område, jf ovanfor, utover det som vert definert som skal-oppgåver og over i kategorien bør-oppgåver.

KOSTRA-analyse er analyse med fokus på prioritering, produktivitet og dekning. Seier lite om kvalitet, då må og andre målingar omsyntakast.

Samanlikningar i vår analyse har hatt slikt utgangspunkt:

-Stryn; noko samanliknbar på struktur, utgiftsbehov og storleik.

-Kvinnherad; noko samanliknbar på strukturelle forhold og utgiftsbehov.

-Sogndal; noko samanliknbar på storleik og elles som nabo/nærleik som samanlikning.

Alle desse tre kommunane har over lengre tid hatt press på økonomien og arbeidd aktivt med å styrka kommuneøkonomien.

Det spesielle for Luster i høve desse kommunane er eit høgare inntektsnivå, eit nivå som no er under press.

Godheit i Kostratala kan variere, men er blitt betre og betre.

Det er utarbeidd ein presis veiledar, som vert justert kvart år, for korleis rapportering skal vere.

Det er likevel rett å seie at KOSTRA-rett budsjett og rekneskap ikkje har hatt det største fokuset i Luster. KOSTRA legg opp fordeling av kostnader og belasting på tenester i større grad enn det som har vore gjort hjå oss. Me gjer no eit stykke arbeid der me søker å vere tru mot veiledar.

Kostnader kan plasserast feil og me ser noko av det hjå oss.

Det største avviket er likevel manglende fordeling av stillingsdeler. Stillingsdeler over 20% skal plasserast på rett KOSTRA funksjon. For ein mindre kommune, som vår, bør me gjerne gå ned til stillingar/stillingsdeler på 10%. Det er i administrasjon og stab/støtte dette gjer seg gjeldande.

Enkelt sagt så er det stillingar som arbeider på fellesfunksjonar og stillingar der oppgåva er å leia andre leiarar som skal førast på administrasjon. Stillingar, del av stilling som har tenestespesifikke oppgåver skal førast på tenesta. Dette har me i mindre grad gjort for tilsette i administrasjon og stab/støtte.

Administrative fellesutgifter, ikt og lønsutgifter på ein del område er føresett skal fordelast noko meir enn me har gjort.

Korleis kommunane løyser dette vil variere noko frå kommune til kommune og vert ofte påverka av organisering sjølv om KOSTRA skal vere uavhengig av organisering. Sogndal, som har vore

samanlikningskommune i analysen, seier at dei har lagt vekt på å fordele og meiner dette er ein årsak til at dei har relativt låge administrative kostnader.

På bakunn av analysen som ligg føre og noko undring finn me og nokre feilregistreringar hjå oss som me vil rette opp. I samband med T2 gjer me nokre korrigeringar og rettingar slik at inngangen til 2018 budsjettet vert meir Kostrarett. Denne justeringa vert budsjettmessig nøytral, men medfører noko flytting mellom rammeområda. Dette kjem me tilbake til i eige kapittel i T2 og det vert vist til noko av dette i omtale nedanfor.

Det har vore stilt spørsmål omkring nokre større sprang frå eit år til neste i analysen på nokre område. Me har sett nærmere på desse og finn naturlege forklaringar.

-svikt i salsinntekter konsesjonskraft, omlegging av mva-ordningar drift vs investering, endringar eigedomsskatt(oppheving av tak) og omlegging pensjonsføring er faktorar som er så store at dei gir «dupp/sprang» i diagram.

2.) Generell økonomi/finansielle nøkkeltal:

-Driftsresultat siste 4 åra er ikkje godt nok.

-Kommunen har ein reserve, spes. disposisjonsfond, som er på eit ok nivå.

-Gjeldsnivået er middels høgt, men kan fort auka dersom noverande strategi med avdragsutsetjing vert langsigktig. Då vert kommunen sårbar for sjølv mindre renteauke.

-Svikt på inntektssida kan verte ytterleg krevjande. Dei strukturelle endringane i kommunenorge påverkar inntektssystemet og vil høgst truleg redusere inntektene til distriktskommunar. Korleis eigedomsskatten frå dei store kraftverka vil utvikle seg er usikkert. Kraftkommunane kan ha utfordringar med å vinne oppslutnad for sine interesser i deler/store delar av det politiske miljøet sentralt. Dette punktet er labilt, ev vil resultat av stortingsval med påfølgande framlegg til statsbudsjett kunne gi oss meir sikre prognosar for tida framover. Så langt står det me har lagt til grunn i vår økonomiske planlegging, ØP 2017-20, ved lag. (ytterlegare minus 5 mill i 2018.)

3.) Administrasjon.

Som omtalt i rapporten vil det vere relativt store skilnader for korleis kommunane rapporterer administrasjon i KOSTRA.

Det vil og vere slik at storlek på kommunane betyr mykje for einingskostnad/kostnad pr innbyggjar «Luster har mange tilsette, mange eininger, stor økonomi som fordrar administrasjon. Eksempelvis har me personal- (tal tilsette) og økonomiforvaltning(budsjett) på nivå med ein større kommune enn eit innbyggartal på 5000, som våre kostnader vert delt på.»

I tillegg kjem at vesentlege utgifter ikkje er fordelt i hht KOSTRA.

100 Politisk styring.

Kostrakorrigering:

-Tilskot MR Lærdal høyrer ikkje heime som kostnad på politisk styring. (høyrer heime på 283, ev...)

-Div kontingantar skal flyttast til andre område.

-Kostnader med «møteavvikling» vert nærmere vurdert om er rett belasta.

Vurdering:

-Høgt nivå, men omsynteke at aktivitet i stor grad er på dagtid og at talet kommunestyremedlemmar er 25, så er det ikkje unormalt høgt.

-Høg aktivitet på råd og utval.

Ev ressurstilpassing:

-Tal kommunestyremedlemmar. (krav om minst 19 m/ innbyggartal over 5000.)

-Dag vs etterm/kvelds-aktivitet.

-Råd/utvalsaktivitet.

Endringar her vil og kunnne påverke administrative kostnader, tilrettelegging, sekretæriat mv.

110 Kontroll og revisjon.

Kostrakorrigering: Ikkje noko spesielt.

Vurdering: Både økonomisk revisjon og forvaltningsrevisjon har kostnader over snittet hjå oss. Det kan forklarast med at den økonomiske revisjonen går litt utover minimumskravet og at kommunen er aktiv på forvaltningsrevisjon. For den økonomiske revisjonen er me medlemmar i IKS og bundne der, inntil vidare. (jf regionreform og drøfting omkring fylkesrevisjonsselskap.)

Ev ressurstilpassing: Ev mindre tilpassingar etter kommunestyret sine prioriteringar.

120 Administrasjon.

Kostrakorrigering: Det er openbart at det her er belasta vesentlege kostnader som skal fordelast ut.

Gjennomgang syner brutto om lag 4 million kroner, eller opp mot 800 kroner pr innbyggjar.

Dette gjeld lønn (vel 3 mill) og ikt/andre administrasjons-utgifter. (nær 1 mill)

Konklusjonen vert likevel at me har høge kostnader relativt sett på administrasjon.

Vurdering: Omsynteke struktur, servicenivå og folketal er det høge, men ikkje vere unormalt høge kostnader.

Ev ressurstilpassing: Ut frå analysen bør her vere eit potensiale for redusert ressursbruk. Rådmann håpar at organisatoriske endringar, meir digitalisering og smartare løysingar vil kunne gi ein gevinst. Større nedtrekk vil krevja at ein reduserar på oppgåver og servicenivå. Ut frå dei føringar som ligg føre bør det gjennomførast eit organisasjonsutviklingsprosjekt, OU Sentraladministrasjon/Rådhuset.

130 Administrasjonslokaler.

Kostrakorrigering: I analysen er det relativt låge kostnader og i realiteten skal dei i hht Kostra vere endå lågare. (jf rådhus frå -60-talet.) Fleire funksjonar enn 100,110,120 og 121 held til på Rådhuset, men alle kostnader vert ført på 130. Dette er ikkje rett då fleire andre tenester og har kontor på Rådhuset og skal i utgangspunktet «betale husleige». (teknisk og landbruk...)

Vurdering: Med oppgradering av rådhuset vil kostnadane auke, men samtidig så vil det vere fleire funksjonar som skal svare «husleige» så kommunen vil ha relativt normale kostnader til administrasjonslokale. Driftskostnadane, især straum vil verte redusert etter renoveringa.

Ev ressurstilpassing: Uendra nettokostn.

170/171 Premieavvik.

Vurdering/Ev ressurstilpassing:

Samanlikna med andre kommunar har Luster ein grei status omkring pensjon via premieavvik m.v. Kun akkumulerte kostnader for dei to siste budsjettåra, gir mindre beløp til framføring enn mange andre kommunar.

180 Diverse fellesutgifter

Vurdering/Ev ressurstilpassing: Ikkje spesielle forhold her, nivået vil variere over år og i budsjettering vert og funksjonen nyttar for seinare fordeling i budsjettåret.

4.) Pleie og omsorg.

Kostrakorrigering: Analysen er rimeleg rett, men her er kostnader som ikkje er fordelt på tenesta, opp mot 2 million kroner.(stillingsandelar, bilutgifter, ikt...) Dette gjer kun mindre utslag i analysen, jf at ramma er på 115 mill.

Vurdering: Tenesta sin andel av kommunebudsjettet er relativt låg samanlikna med mange andre kommunar. Med dei rammer som no er vedteke får ikkje tenesta del i dei meirinntektene som Luster kommune har. Meirinntektene vert nyttar på andre område. Tenesta har hatt stor administrativ og politisk fokus dei siste åra.

Det er gjort endringar med fokus på kostnadsreduksjonar (nattevakt, kjøkken, vaskeri, auka inntekter..) og utnytting av kapasitet og kompetanse. Arbeidet vert følgt opp i særskilt omstillingsarbeid i lys av kommunestyrevedtak av april -16.

Tenesta må førebuast på ein større vekst i tal eldre etter 2020, spesielt frå -25.

Ev ressurstilpassing: Pågående omstillingsarbeid er føresett skal ha ei evaluering i slutten av 2018 inn i 2019 og ressursrammene må då drøftast. Det vert i arbeidet no lagt til grunn at noverande nettoramme kan vidareførast i ØP-perioden.

5.) Helse.

Kostrakorrigering: Analysen er rimeleg rett, men her er mindre kostnader som ikkje er fordelt på tenesta, 2-300 000 kroner, (ikt, stillingsdel og programvare....) Dette gjer kun mindre utslag i analysen.

Vurdering: Tenesta har hatt høg prioritet og får stor del i kommune sine meirintekter. I arbeidet med å rekruttere godt fagleg, eksempelvis legar er det gode ordningar som og har eit høgt netto kostnadsnivå. Dei seinare åra har det og vore lagt vekt på førebyggande tiltak. (men i Kostra analysen er lågterskeltilbod innan td rus og psykiatri på sosial).

Ev ressurstilpassing: Samtidig som me har eit høgt kostnadsnivå er det krevjande å sjå korleis det er mogeleg å redusere vesentleg. Det vert og vist til at legevaktordninga, ev og rekruttering av legar står føre utfordringar framover. For å få eit ytterlegare betre grunnlag for desse drøftingane bør det analyserast betre og det vert lagt opp til å nytta noko ekstern kompetanse i arbeidet.

6.) Sosial.

Kostrakorrigering: Analysen er rimeleg rett, men her er mindre kostnader som ikkje er fordelt på tenesta, 2-300 000 kroner, (skjenkeløyve-arbeidet m.v...)

Vurdering: Tenesta får i mindre grad del i dei meirintektene som Luster kommune har, området er og ei teneste der ein må vere budd på noko svingingar. Både sosialhjelp og flyktingearbeidet er slik.

Ev ressurstilpassing: Som andre tenester må ein i budsjettarbeidet drøfte tilpassing, men potensiale er etter rådmann si vurdering ikkje særleg stort. Nettoramme dei nærmaste åra får noko hjelp frå ekstern finansiering/tilskot.

7.) Barnevern.

Kostrakorrigering: Det er ikkje spesielle merknader til analysen.

Vurdering: Luster er medlem i interkommunalt samarbeid, Sogn barnevern. Historisk har Luster hatt fåe tiltak, siste åra har det vore ein markant auke og kommunen har no tiltak og kostnader som kan definerast som gjennomsnittelege. Det er fleire eldre barn der tiltak går ut/vert trappa ned.

For tida er det krevjande å skaffe fosterheimar slik at tiltak utanfor heimen vert ekstra kostbare grunna institusjonsplassering.

Ev ressurstilpassing: Dei kostnadsnøklar som gjeld for det interkommunale samarbeidet er etter rådmann si vurdering rimeleg rette/rimelege. Kommunen kan i arbeidet vere med å påverke strategiane i SBV slik at det vert valt tilbod der kostnader er lågast mogeleg. Det bør vere realistisk at rammene kan haldast på noverande nivå, sjølv om ev barnevernvakt vil medføre ein viss auke.

8.) Grunnskule.

Kostrakorrigering: Det er ikkje avdekkja vesentlege avvik i analysen, men den bygger på omfattande GSI-rapportering der det kan vere mindre avvik. (delingstimar vs spes.ped ?)

Vesentlege deler av felleskostnader inkl stillingandel er fordelt på tenesta. Ein del Ikt kostnader skule manglar i denne fordelinga.

Det er og slik at det ein kan definere som kostnader knytta til samfunnshusfunksjonar både er for mykje og for lite belasta og ulikt mellom dei ulike skulane/oppvekstsentrana. (jf omtale i rapporten grunnlag for skulestruktur.)

Det at me og nyttar innkjøpspris på konsesjonskraft som del av energikostnad gir og noko utslag opp mot samanlikningane mellom kommunane.

Vurdering: Analysen stadfestar at større delar av meirinntektene til kommunen vert brukt på grunnskule. Ser ein analysen i lag med rapporten som er utarbeidd på skulestruktur så er det og klart at her er vesentlege strukturkostnader, både direkte og indirekte. Det same opplæringstilbodet kan ytast rimelegare med ein kostnadsoptimal skulestruktur.

Ev ressurstilpassing: Strukturendringar her har den fordelen at minst like godt opplæringstilbod kan gjevast med lågare ressursbruk. For grep på struktur som soknar til Hafslo kan endring gjerast raskt medan grep som soknar til Gaupne vil ha i seg noko bygningsmessige tilpassingar og ev etablering av Gaupne barne og ungdomsskule.

Uavhengig av struktur bør det vere mogeleg å redusere innsatsen innan spesialpedagogisk undervisning/delingstimar og ev noko på drift av skulelokale og inventar/utstyr.

Det vil vere meir krevjande å redusere i noverande struktur enn i ein enklare skulestruktur enn vår.

9.) Barnehage.

Kostrakorrigering: Det er ikkje spesielle merknader til analysen.

Vesentlege deler av felleskostnader inkl stillingandel er fordelt på tenesta, ev er det noko kostnader til Ikt-barnehage og lokaler som manglar.

Vurdering: Analysen syner at barnehagetilbodet er rimeleg kostnadseffektivt og barnehage får i liten grad del av kommunen sine meirinntekter.

Ev ressurstilpassing: Det vert krevjande å halde noverande kostnadsramme mellom anna er det fleire regelverksendringar der det er høgst uklart om kommunen vert kompensert meirkostnader fullt ut.

Det gjeld : gratis kjernetid, redusert foreldrebetaling ut frå betalingsevne, ikkje høve til å «telje om 2 åringer som vert 3 år» ved suppleringsopptak og skjerpa krav til kompetanse i bemanning.

Ev vil ein kunne redusere suppleringsopptak ned til det minstekravet som gjeld for å kunne holde seg innanfor noverande kostnadsramme.

10.) Kultur og kirke.

Kostrakorrigering: Det er ikkje spesielle merknader til analysen.

Marknadspris på energi ville gitt ytterlegare kostnader både på kyrkje og kultursektoren

Vurdering: Kommunen har svært høge kostnader til tenestene.

Innan kultur er det spesielle eit omfattande tilskotsregime og omfattande anlegg både i eigen regi (eks samfunnshus og Lustrabadet) og anlegg som får tilskot for å oppretthalde drift.(eks. Fjordstova, Heggmyrane.)

Innan kyrkje har ramma dei siste åra vorte redusert for så vorten halden uendra. Over 5 år tilsvrar det nær på 1 million kroner. Kommunen har ein krevjande struktur med mange kyrkjer/anlegg som har drift og vedlikehald.

Ev ressurstilpassing: Innan kulturfeltet så vil det vere mange lokale bindingar. Det vil likevel vere tiltak innan anleggsfeltet og spesielt tilskotsregimet der kommunen kan redusere ressursinnsatsen.

Kyrkje: Med noverande struktur og bemanning vil det vere svært krevjande å redusere ressursramma. Pårekneleg vil dette over tid medføre uforsvarleg bygnings/anleggs-vedlikehald. Noko strukturelle tilpassingar og redusert bemanning bør vere aktuell drøfting i kyrkjeleg fellesråd.

11.) Plan, kulturminne, natur og nærmiljø.

Kostrakorrigering: For delar av området er ikkje analysen rett. Plan er hjå oss i større grad enn føresett ført på administrasjon, slik at nettokostnader nok er høgare enn det kjem fram i analysen. Det er og eit grensesnitt på ulike prosjekt for når ein går over frå å belaste drift til å aktivere i investering. Dette bør me ettergå og få ein lik praksis, jf veiledar.

Vurdering: Kommunen har høge kostnader og omfattade servicegrad på tenestene. Samtidig er me ein stor geografisk kommune, rik på kulturminner og naturkvalitetar og når ein så skal dele på «kun» 5000 innb. så er det naturleg med noko høge einingskostnader.

Ev ressurstilpassing: Det bør kunne vere mål om at nettorammer kan reduserast noko. Auka lojalitet av overordna planar, reduserte tilskot og høgare gebyrinntekter vil kunne bidra.

12.) Brann og ulykke.

Kostrakorrigering: Det er ikkje spesielle merknader til analysen.

Vurdering: Luster er medlem i interkommunalt samarbeid, Sogn Brann og Redning IKS.

Tenesta har hatt relativ stor kostnadsauke, men er i lys av skjerpa formelle krav vorte «profesjonalisert.» Kostnader er no på eit nivå som kan definerast som gjennomsnittelege, eller litt i overkant. Auka krav til tilsyn/feiring eks av fritidshus er føresett skal gebyrfinansierast

Ev ressurstilpassing: Dei kostnadsnøklar som gjeld for det interkommunale samarbeidet er etter rådmann si vurdering rette/rimelege. Kommunen kan i arbeidet vere med å påverke strategiane i SBR Det bør vere realistisk at rammene kan haldast om lag på noverande nivå om ikkje formalkrav vert ytterlegare skjerpa. ØP- vurderingar i selskapet peikar på behov for investeringar m.a.grunna gamle brannbilar.

13.) VAR.

Kostrakorrigering: Analysen er rimeleg rett, men her er indirekte kostnader som i sjølvkostrekneskap VA som er fastsett skjønnsmessig. Det er behov for ei nærmare vurdering opp mot veiledar på dette.

Vurdering: Ut frå eit svært oppdelt VA-nett så har ikkje kommunen høge kostnader. Alder på nettet og struktur tilseier at det er eit område som får vedlikehalds-/investeringsutfordringar framover. (jf øp.) Simas/renovasjonskostnadane er på eit gjennomsnittsnivå og prognose tilseier at det vil halde fram.

Ev ressurstilpassing: Det er realistisk å balansere VA-området på sjølvkost utan at gebyrnivået må aukast vesentleg. Det vil truleg vere rett å belaste sjølvkost VA noko meir indirekte kostnader og dette vil gi pluss i balanse. (noko auka brukarbetaling.)

14.) Samferdsle.

Kostrakorrigering: Analysen er rimeleg rett, men her kan vere indirekte kostnader som ikkje er rett belasta.

Vurdering: Ut frå at fylkesvegnettet i kommunen er relativt omfattande så har ikkje kommunen eit spesielt omfattande kommunalt vegnett, (som ein skulle tru) men det kommunale vegnettet er spreidd på relativt mange vegar som kvar for seg er relativt korte. Slik oppdelt vegnett gir høgare einingskostnad.

Kommunar i samanlikning vil ha anna grensesnitt mellom kommunal og privat veg
Kommunal ferje er ikkje mange kommunar som har og det dreg opp nettokostnad med meir enn 2 million kroner.

Ev ressurstilpassing: Standard og servicenivå er høgt og driftsendringar kan truleg ta ned ressursbruken noko.(i nye brøytekontraktar vert dette vurdert.) Klima og vermessige forhold tilseier at ressursbehov vil variere noko frå år til år. Heilårsferje Solvorn- Ornes vil vere eit tiltak å drøfte nærmare /noverande avtale går til

15.) Kommunal næringsforvaltning og konsesjonskraft.

Kostrakorrigering: Analysen er rimeleg rett, men her er mindre kostnader som ikkje er fordelt på tenesta,

Vurdering: Kostra har varierande kvalitet. Næringsarbeid er høgst ulikt rigga i kommunane. Mange kommunar har eigne akseselskap, kommunale eller der kommunen er delaksjoner. Den lovpålagde landbruksforvaltninga varierar og mykje etter type kommune og prioritering av dette feltet. Me er ein stor landbrukskommune og feltet er prioritert høgt.

Luster kommune nyttar del av meirintekter inn mot området. Det er føresett at konsesjonsavgifter , som no er vel 15 million kroner pr år, skal gå til næring- og utviklingsarbeid. I vedteker har kommunestyre stadfesta /vedteke det.

Kommunen nyttar prisen på konsesjonskrafta som energipris på kommunale bygg og anlegg og anlegg til «allmennytige formål» der kommunen er inne.(kyrkje, skisenter...)

Kommunane gjer dette ulikt og det er kanskje rettast «Kostramessig» å nytte marknadspris på straumen i drifta og høgare gevinst på konsesjonskraft ?

Ev ressurstilpassing: Både på kort og lengre sikt vil kommunen ha handlingsrom til å endre ressursbruken innan communal næringsforvaltning. Større endringar i verkemiddelbruken innan næringsutvikling vil likevel kunne oppfattast som urimelege inkl forskjellshandsaming og er noko som bør vurderast ved endringar.

16.) Kommunal boliger.

Kostrakorrigering: Analysen er ufullstendig på dette området.

Vurdering: Me har utfordringar med at bustader står tomme. Dette gjeld især i krinsane. På omsorgsentra/eldrebustadane har det vore god utnytting med unnatak av Luster omsorgsenter. Noko vedlikehaldsetterslep.

Ev ressurstilpassing: Betre utnyttingsgrad, ev sal/realisering, mindre justering av husleigenivået. Nærare analyse på teknisk område bør sjå på forvaltning av kommunale bustader.

17.) Eigedomsdrift.

Kostrakorrigering: Analysen er rimeleg rett, mindre kostnader er ikkje fordelt på tenesta. (noko forsikring m.m. og energikostnader er rekna til konsesjonskraftprisnivå.)

Vurdering: Det spesielle er at me har svært mange m², noko som i stor grad heng saman med struktur og omfattande kommunale idretts- og kulturgebygg. Innspel tyder på noko vedlikehaldsetterslep.

Ev ressurstilpassing: Me hentar no noko Enøk potensiale på større bygg; HBU, Rådhuset, m.fl Idrettshallen og Yrkesskulebygget står for tur. Utfordringen er at me ikkje greier å halde nede tal m² kommunale bygg. Nærare analyse på teknisk område bør sjå på eigedomsdrifta og.

Gaupne, august -17.

Jarle Skartun.
-rådmann.